

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 10.06.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** Berit Irene Haarklau  
**SAKA GJELD:** **Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF**

**ARKIVSAK:** 2020/5270

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
19.06.2020

**STYRESAK:**  
041/2020

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjend med og tek til vitende følgjande styrande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 21.02.2018
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, sist revidert haust 2019
- e. Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- f. Etiske retningslinjer for Helse Førde
- g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 8 (2019-2020)
- h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

## Oppsummering

Det vart frå 2016 etablert ein ny praksis med årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF. Dette for å sikre god kunnskap og oversikt, også at ein jamnleg skal kunne oppdage endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Styrande dokument for styret i Helse Førde HF omfattar:

- Vedtekter for Helse Førde HF
- Styreinstruks for Helse Førde HF
- Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF
- Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, sist revidert haust 2019
- Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- Ethiske retningslinjer for Helse Førde
- Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 8 (2019-2020)
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

## Fakta

Styret har frå 2016 etablert ein ny praksis med årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta, jf. styresak 037/2016 «*Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF*».

Dokument som er fastsett av staten/eigar er følgjande:

- Rettleiar for styrearbeid i helseføretak
- Regjeringa sin eigarpolitikk
- Retningslinjer og erklæring om leiarlønningar i føretaksgruppa

Styret har sjølv rådigheit over og fastset følgjande dokument:

- Styreinstruks
- Instruks for administrerande direktør
- Fullmaktsstruktur
- Ethiske retningslinjer

Dokument som er endra sidan førre årlege gjennomgang er:

- Fullmaktsstruktur
- Rettleiar for godt styrearbeid
- Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 8 (2019-2020)

## **Kommentarar**

### Styreinstruks:

Føretaksmøte i Helse Førde HF vedtok 21.02.2018 endring i vedtektene § 7, ei endring frå 10 til 11 styremedlemmer. Styreinstruksen er ikkje endra sidan.

Representant frå Brukarutvalet har f.o.m. 30.06.2017 delteke i styremøte, i samsvar med nye retningslinjer for brukarmedverknad i helseføretak. Representanten har observatørstatus med tale- og forslagsrett.

### Instruks for administrerande direktør:

Instruks for administrerande direktør vart sist endra i 2015.

### Fullmactsstruktur:

Delegasjonsreglementet presiserer alle delegasjonsfullmaktene byggjer på prinsippet om einskapleg leiing. Dette inneber at alle leiarar på alle nivå har ansvar for fag, økonomi og personal innanfor si eining. Den vedtekte fullmactsstrukturen skal bidra til å klargjere den einskilde leiar sitt mynde innanfor områda personaladministrasjon og økonomi.

Gjeldande fullmactsstruktur vart sist revidert hausten 2019 (vedlegg 4). Denne revisjonen gjaldt berre området personaladministrasjon. Når det gjeld økonomidelen vil denne bli revidert etter innføring av LIBRA i Helse Førde. LIBRA er Helse Vest RHF sitt program for å optimalisere støttetjenester innanfor områda:

- Budsjett
- Anskaffing og kontrakt
- Innkjøp og logistikk
- Rekneskap
- Styringsinformasjon og felles register

Arbeidet med implementering av dette systemet er utsett til hausten 2020.

### Rettleiar for styrearbeid i helseføretak:

Styret i Helse Vest RHF godkjente revidert rettleiar for styrearbeid i styremøte 05.09.2019, styresak 087/19.

Revidert rettleiar for styrearbeid var orienteringssak i styremøte i Helse Førde HF 26.09.2019, styresak 075/2019. Rettleiaren gir ei kort orientering om styrearbeid i helseføretak, og er meint å bidra til rolleforståing og rolleutøvinga til styra.

Den reviderte rettleiaren har meir tekstdel til følgjande punkt:

### 3.3.3 Internkontroll og risikostyring

*«Internkontroll skal førebygge, hindre, avdekkje og rette opp svikt. Internkontroll i helseføretaka er system, prosessar, rutinar og andre tiltak som styret, dagleg leiar og tilsette gjennomfører for å sikre:*

- *fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester*
- *kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik*
- *etterleving av reglar, retningslinjer, rettleiarar, styringskrav og sjølvpålagde krav»*

### 3.3.4 Tilsetjing og avlønning av dagleg leiar og andre leiande tilsette

*«Helseføretaket skal utarbeide ei årleg erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til dagleg leiar. Erklæringa skal tas inn som ei note i årsrekneskapen og skal beskrive det totale omfanget av forpliktelsar helseføretaket har pådratt seg gjennom avtaler inngått med dagleg leiar.»*

### 3.3.6 Avgrensingar i kompetansen til styret

*Følgjande er døme på saker kor vedtak alltid må fattast av føretaksmøte i regionalt helseføretak:*

- *vedtak som kan endre verksemda sin karakter*
- *vedtak om nedlegging av sjukehus*
- *omfattande endringar i sjukehusregionen i helseregionen*
- *omfattande endringar i tenestetilbodet*
- *vedtak om endringar i tal helseføretak i helseregionen*
- *vedtak om vesentlege endringar i opptaksområdet for helseføretak*

### 4.4.3 Styremøter og arbeidsforma til styret

*Nytt avsnitt om «Opne styremøter»:*

*«Helseføretakslova § 26a fastset at det skal vere møteoffentlegheit ved styremøter i helseføretak. Krav til opne styremøter inneber normalt at alle som ønsker det, kan vere tilstade og overhøre møta, men utan tale-, forslags- eller stemmerett. Opne styremøter er grunna i at omsyna bak offentlegheitsprinsippet må vege tungt på arenaer der det treffes avgjerder om forvaltninga av samfunnets ressursar og fellesgode. Styret kan vedta å behandle ein sak for lukka dører dersom det ligg føre eit reelt og sakleg behov og vilkåra i § 26a er oppfylt.»*

### 4.4.4 Bruk av styreseminar som møteform

*Nytt avsnitt:*

*«Styret kan berre fatte formelle avgjerder når saker handsamast i styremøter. Det er viktig av kravet om openheit ikkje uthulas eller omgås ved at styrets arbeidsoppgåver leggas til anna fora enn styremøtet. Styreseminar kan avhaldas når det er behov for å drøfte generelle strategiar og utfordringar. Vidare er styreseminar godt egna til aktivitetar som tar sikte på å dyktiggjere styret som kollegium og nye styremedlemmer på prosessane og styret sitt arbeid, jf. pkt. 3.1.»*

### Etiske retningslinjer:

Dei etiske retningslinjene blei gjennomgått og revidert i Helse Vest i 2017, med eiga sak til styremøte i Helse Vest RHF 06.09.2018, jf. sak 091/18. Dei etiske retningslinjene er gjeldande for føretaka i Helse Vest.

### Regjeringa sin eigarpolitikk:

Meld. St. 8 (2019-2020) blei presentert for styret i Helse Vest RHF i styremøte 12.12.2019, sak 134/19.

Eigarskapsmeldinga inneheld mellom anna omtale av staten sine forventningar med omsyn til leiarløn. I meldinga blir det vist til dei statlege retningslinjene som tok til å gjelde frå 13.02.2015. Prinsippet om moderasjon står sentralt, og det heiter at leiarlønningane skal vere tevlingsdyktige, men ikkje lønnsleiande.

### Retningslinjer for lønn og anna godtgjering:

Erklæring om leiarlønningar blir årleg innarbeidd i note i årsrekneskapet.

## **Konklusjon**

Administrerande direktør legg fram sak med årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF.

Administrerande direktør tilrår at styret tek dei styrande dokumenta til vitende.

### Vedlegg:

- 1 Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 21.02.2018
- 2 Styreinstruks for styret i Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- 3 Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- 4 Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF, sist revidert haust 2019
- 5 Omtale av delegasjons- og fullmaktsregime i Helse Førde
- 6 Rettleiar for styrearbeid i helseføretak, revidert 26.09.2019
- 7 Etiske retningslinjer for Helse Førde HF
- 8 Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 8 (2019-2020)
- 9 Retningslinjer for lønn og anna godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel